



Peter Kaspersen
Røssvika 4
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/175 - 15/34086

Saksbehandlar:
Atle Vaage
Atle.Vaage@lindas.kommune.no

Dato:
09.11.2015

Løyve til trefelling Røssvika

Viser til spørsmål vedrørende felling av tre på kommunal eigedom på sørsida av dykkar eigedom i Røssvika, og synfaring på staden. Viser vidare til positiv uttale frå Foreningen Såta ved Elin Alver datert 25. oktober 2015.

Lindås kommune gir herved bebruarane i husrekkja nr 2 til nr 16 løyve til å tynna ut skog som veks opp framfor husrekkja. Området kor det vert gitt løyve er vist med skravering på vedlagte kart. Vi gjer for ordens skuld merksam på at delar av området er eigd av det kommunalt eigde Lindås Tomteselskap AS.

Vilkår for løyvet;

Bebuarane må sjølv stå for arbeidet med å tynna ut skogen, og ber sjølv ansvaret for at dette skjer på ein trygg måte.

I området opp til 10 meter sør for private eigedomsgrenser, kan ein fjerna alle tre og kratt. I området elles, skal det stå att minst eitt tre per 10 meter.

Alt arbeid skal skje i tråd med reglane for helgedagsfred, og på ein slik måte at det ikkje er til ulempe for naboar eller andre.

Tre som vert felt skal primært fjernast frå området. Grunna ulent terreng, vert det likevel opna for at greiner og kvist vert kappa opp og samla i haugar i terrenget.

Dersom Foreningen Såta eller enkelte grunneigarar ønskjer å leiga inn privat verksemd for å stå for rydding av skog, skal dette varslast Lindås kommune i god tid, slik at kommunen kan ha nødvendig dialog med den aktuelle verksemda før slikt arbeid vert sett i gang.

Med helsing

Atle Vaage
fagansvarleg idrett og grønt

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart, løyve til trefelling Røssvika

Kopi til:

Foreningen Såta ved Elin Alver

Røssvika 12

5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Peter Kaspersen

Røssvika 4

5914

ISDALSTØ